

ORIENTERING OM DUGNAD I SEIM BARNEHAGE:

I fylge vedtektene for Seim barnehage, forpliktar alle andelseigarar seg til å utføre:

- 10 t dugnad pr barnehageår (5 t for einslege forsørgarar)
eller
- Betale seg "fri" for utføring av dugnad. Satsen for ein dugnadstime er kr 400,-.
Då får du rekning på kr 4000,- i oktober for heile barnehageåret og ikkje noko av dette beløpet vert betalt tilbake til deg.

Det er viktig at du tenkjer gjennom kva alternativ som passar for deg, og kryssar av på vedlagt kartleggingsskjema.

Ynskjer du å utføre dugnad, er rutinane som fylgjer:

- 1) Du må betale inn til barnehagen det dugnadstimane dine er verdt, på førehand (dvs kr 400,- pr time x 10 t eller 5 t). Halve beløpet får du rekning på i oktober og resterande halve beløpet i februar.
- 2) Dugnadsoppgåver som barnehagen treng å få utført, vert «kunngjort» i avdelingane sitt månadsbrev kvar mnd. Dette finn du på barnehagen si heimeside. Så les dette! Ynskjer du å ta på deg ei av dugnadsoppgåvene, tek du kontakt med styrar snarast og avklarar dette. Førstemann til mølla....
- 3) Ved utført dugnad, må du skrive på ein dugnadslapp, med kva du har gjort, timetal du har brukt og signaturen din. Den skal leverast til kontoret.
- 4) Når kontoret har fått din dugnadslapp, får du ved neste fakturering tilbakebetalt dei timane du har jobba, etter timesats: kr 400,-
- 5) Utfører du meir enn 10 t dugnad eit år, får du desse timane overført til neste barnehageår, som fråtrekk i «dugnadskvoten» din.

Dei utfylde kartleggingsskjemaene vil vi nytte når vi har behov for å ta kontakt med nokon i høve spesifikke oppgåver vi vil ha utført, som ikkje «alle» kan gjere.

Det kan verte kalla inn til fellesdugnad i løpet av året.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med styrar : Janka Vie Seljeseth tlf 95 18 70 94

På førehand – takk for hjelpa!